

VELSIGNING AV HUS OG HEIM

Liturgien for Velsigning av hus og heim er vedteke av Kyrkjemøtet 16. april 2013 med heimel i Lov om Den norske kyrkje § 24, andre leddet.

- 1 Denne liturgien kan nyttast når folk bed presten eller ein annan kyrkjeleg medarbeidar om å koma og velsigna heimen deira når dei flyttar inn eller ved eit anna høve. Liturgien kan også nyttast på arbeidsplassar eller liknande, der det er ønskje om det. Det er ein føresetnad at dei som bur i eller nyttar huset er til stades under handlinga.
- 2 Dersom presten eller ein annan kyrkjeleg medarbeidar blir beden om å koma til hus der ein opplever at det er uroleg, utrygt eller at det skjer noko som er vanskeleg å forklare, kan denne liturgien også nyttast. Det er ein føresetnad at den som utfører handlinga har hatt samtale med dei som bed om forbøn. Kyrkja si oppgåve er ikkje å ta stilling til moglege årsaker til at ein opplever uro, men å gje sjelesorg og hjelp med Guds ord og bøn.
- 3 Vigsla medarbeidarar kan bruke liturgisk drakt eller tenesteskjorte under handlinga.
- 4 Salmeforslag:
Alt står i Guds faderhånd (N13 314, NoS 308)
Deg å få skode er sæla å nå (N13 482, NoS 479)
Det er Guds englers dag (N13 260)
Du omgir meg på alle sider (N13 498, S97 49)
Gud, lær meg å se (N13 326, S97 51)
Herre, signe du og råde (N13 625, NoS 599)
I dine hender, Fader blid (N13 409, NoS 596)
Ingen er så trygg på ferda (N13 488, NoS 488)
Jeg er i Herrens hender (N13 494, NoS 497)
Jesus, lyft ditt ljose merke (N13 115, NoS 109)
Lat oss vandre i lyset (N13 431, NoS 871)
Mektigste Kriste, menighetens Herre (N13 522, NoS 528)
Som når et barn kommer hjem (N13 325, S97 55)
Sørg for meg, min Fader, du (N13 310, NoS 304)
Til himlene rekker din miskunnhet, Gud (N13 312, NoS 307)
Velsignet er det hjem for visst (ikke i N13, NoS 746)
Velt all din veg og vande (N13 464, NoS 461)
Vår Gud han er så fast ei borg (N13 108, NoS 296)
Å, for djup i Jesu kjærleik (N13 703, NoS 494)

1 Salme

Salmen kan utelatast.

2 Innleiing

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande: Fred vere med dette hus og *dei/ho/han* som høyrer til her. †

ELLER

L | Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.†

Etter innleiingsordet kan alle som er til stades svare «Amen» og/eller teikne seg med krossteiknet.

L | Vi er samla for å be om velsigning over denne *heim/dette hus* og alle som høyrer til her, så dei kan *bu/leva/arbeida* trygt i glede og fred.

L | *Ein god heim/eit godt hus* er prega av Jesu sinnelag. Jesus seier: «Der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.» **Matt 18,20**

ELLER

L | Vi vil gje *denne heim/dette hus* og dykk alle over til Guds omsorg og vern. Jesus seier: «Der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.» **Matt 18,20**

Liturgen kan eventuelt leggja til nokre ord om bakgrunnen for handlinga.

3 Skriftlesing

Den som leier handlinga, eller nokre som høyrer til i huset, les ein eller fleire av desse tekstane. Andre passende bibelord kan nyttast, gjerne ein av søndagstekstane.

L | Alle ting blir helga ved Guds ord og bøn. Lat oss høyra Guds ord:

Salme 23; Salme 31,1–6; Salme 46,1–3.12; Salme 121; Salme 127,1; Luk 10,5–6.8–9; Luk 10,38–42; Luk 19,1–10; Luk 24,28–31; Joh 1,35–39; Joh 20,19–21; Rom 8,38–39; Fil 4,4–9; Kol 3,12–14.16–17

4 Salme

Salmen kan utelatast.

5 Kort tale

Her kan det følgja ein kort tale.

6 Truvedkjening

Her kan ein seia fram truvedkjeninga, eventuelt også med forsakinga.

L | Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi er døypte til:
A | **Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.**

OG/ELLER

L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru)
A | **Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.
Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.
Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.
Amen.**

7 Bøn

L | Lat oss be:
L | Gode Gud, vi takkar deg for di omsorg mot oss. Du har gjeve oss alt vi treng for å leva. Vi bed for *denne heim/dette hus (e.l.)* og for alle som høyrer til her (*namn kan nemnast*). Skap rom for glede og fellesskap, for tru og håp og vara heimen frå frykt og fare. Vi bed i Jesu namn. Amen.

ELLER

L | Gud, vår Far, vi takkar deg for *denne heim/dette hus (e. l.)* og vi bed deg: Vern *heimen/huset* mot uro og fare. Ver nær hos *dei som /bur her (namn kan nemnast)/går inn og ut av dette huset*. Gje dei evne og vilje til å støtta kvarandre i medgang og i motgang, så dei kvar dag ventar på deg med glede. Velsign *denne heim/dette hus*, i Jesu namn. Amen.

ELLER

L | Jesus Kristus, oppstadne Frelsar og Herre, vi takkar deg for at du har sigra over synda og døden. Vi bed for *denne heimen/dette huset (e.l.)*:

Ver nær med di velsigning og vara heimen/huset frå alt vondt. Ta bort det som skaper uro og angst på denne staden og lat din fred, som går over all forstand, kvila over dei som *bur her/held til* her. Herre, høyr vår bøn.

Presten eller ein annan kyrkjeleg medarbeidar kan i tillegg be ei fri bøn som passar til situasjonen. Dei som høyrer til i huset kan òg be bønner. Saman med bønene kan ein tenne lys og det kan vere stille. Til dømes kan ei av desse bønene frå *Norsk Bønebok 2013* nyttast:

VERNA MEG

Verna meg, Gud, for eg søker tilflukt hos deg.

Sal 16,1 Norsk bønebok nr. 142

ELLER

Nr. 53 – OVERGIVING

Av hjartet søker eg tilfukt hos den høgste Gud,
som skapte alle ting,
miskunnsame Far, all nådes og miskunns kjelde.

Av hjartet søker eg tilflukt hos Kristus,
vår Forløyser, som atterreiser alle ting,
det fullkomne og uutgrunnelege ordet frå Gud.

Av hjartet søker eg tilflukt hjå han som fyller alt i alle,
som høyrer våre bønner,
den reine, stille Heilage Ande.

Etter kinesisk liturgi, utforma av Karl Ludvig Reichelt (1877–1952)
Norsk bønebok nr. 53

ELLER

GJER MITT LIV TIL BØN

Herre, gjer mitt liv til bøn.

- Når eg opnar ei dør, ber eg om
at du må opna hjartet mitt og bu hos meg.
- Når eg vaskar klede, ber eg om
at du må reinsa meg og tilgje meg mi synd.
- Når eg skriv brev, ber eg om
at du må tala til meg om di sanning.
- Når eg tenner eit lys, ber eg om

at du må leia meg til gode gjerningar
så eg kan lysa opp vegen for andre til deg.
– Når eg vatnar blomar, ber eg om
at du må fylla meg med åndeleg regn
som skaper fornying og vekst i livet mitt.
– Når eg kokar tevatn, ber eg om
at du må tenna eld i mitt indre så eg alltid
kan tene deg med varme for andre.

Ukjend kinesisk kvinne
Norsk bønnebok nr. 67

ELLER

ST. PATRICKS BRYNJE

Herre, eg bind meg i dag til di makt.
Du held meg, du leier.
Du vaktar, lyder til min trong.
Du lærer meg visdom.
Ditt skjold vernar, ditt ord opnar min munn.
Din hærsikare forsvarer meg.

Kristus hos meg og i meg,
bak meg og framfor meg,
ved sida mi.
Kristus som vinn meg,
som reiser meg opp.
Kristus under meg og over meg,
hjá meg i fred og i fare.
Kristus i hjarta til dei som elsker meg,
i orda frå alle ukjende,
i orda frå dei som står meg nær.

T Etter dikt frå 700-talet tillagt St. Patrick (389–461) O Den store bønneboka (1999)
Norsk bønnebok nr. 37

Deretter følgjer:

A | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

**Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve. Amen.**

ELLER

**A | Fader vår, du som er i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
som vi òg forlèt våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve. Amen.**

8 Velsigning

Etter velsigninga kan alle som er til stades svara «Amen» og/eller teikna seg med krossteiknet.

**L | Ta imot velsigninga.
L | Herren velsigne deg og vare deg.
Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. †
A | Amen. †**

ELLER

**L | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn
vere med dykk alle! †
A | Amen. †**

ELLER

**L | Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid. †
A | Amen. †**

9 Salme

Salmen kan utelatast.